

Den usynlege gifta

Ifølge direktør Ellen Hambro i Klima- og forureiningsdirektoratet kan antibakterielle stoff i sykkelbuksene dine gje deg forstyrningar i immunforsvaret.

Tekst: Eivind Digranes Illustrasjon: Allan Ohr

INTERVJU MED



Ellen Hambro
Direktør i
Forureiningsdirektoratet

Dei seinare åra har det blitt eit auka fokus på dei mange helseskadelege miljøgiftene vi dagleg utsettast for. I den svenske dokumentaren «Underkastelsen», som i vinter blei vist på NRK, blei det avslørt at dei fleste har overraskande høge nivå i blodet av nokre av dei verste miljøgiftene, som PCB, kvikksølv, bromerte flammehemmarar og ftalater. Kva gjer slike miljøgifter med oss?

Ettersom dei er lite nedbrytelege, kan miljøgifter få irreversible langtidseffektar for både helse, dyr, og miljø. Miljøgifter fører med seg eit vidt spekter av skader på folkehelsa, deriblant kreftframkallande effektar, skader på arvestoff, nedsett reproduksjonsevne og redusert immunsystem. Hormonforstyrrende stoff overfører blant anna frå mor til nyfødt gjennom amming, noko som kan ha dramatiske effektar for barnets kognitive evner, hemme vekst, og føre til lærevanskar. Eingongseksponering av ørsmå mengder om gangen er ikkje farlig i seg sjølv, men det er den samla totalbelastninga over tid vi er bekymra for. Saman med klimautfordringane står miljøgifter for den største miljøutfordringa i dag.

Kva er dei største kjeldene som eksponerer oss for miljøgifter?

Miljøgifter finst overalt rundt oss. Før kom mesteparten frå industrien, gjennom utslipp frå piper og rør. Dette har vorte kraftig redusert dei seinare åra. I dag finn vi dei fleste miljøgiftene i produkt vi brukar kvar dag, som mat, mobiltelefonar, elektriske apparat, reinigeringsmidlar, barneleiker og kosmetikk. Helseskadelege kjemikalium blir til dømes brukt i vassavstøytande kler, PCB har blitt brukt i fugelim, og antibakterielle stoff som kan føre til

forstyrningar i immunforsvaret har blitt brukt i sykkelbukser. Ettersom dei fleste varer i dag blir produsert i og importert frå utlandet, blir ein aukande del av miljøgiftene importert til Noreg frå andre land.

I seinare tid har det i debatten om miljøgifter blitt eit auka fokus på den såkalla cocktail-effekten, altså at ulike kombinasjonar av kjemikalium skapar blandingseffektar som kan forsterke eller motverke kvarandre. Kvifor er cocktail-effekten så problematisk?

Stoff som i utgangspunktet har ein relativt liten effekt åleine, kan i møte med andre stoff danne kjemiske reaksjonar som kan vere ekstremt helseskadelege. Forsking kan tyde på at nye samanblandingar av ulike miljøgifter dei seinare åra mellom anna har ført til auka frekvens av ADHD, og redusert fertilitet hos menn. I dag veit vi veldig mykje om eigenskapane

Ein aukande del av miljøgiftene blir importert til Noreg frå andre land.

til ei rekke enkeltstoff, men vi veit alt for lite om samanblandinga av desse. Cocktail-effekten er ei av dei største utfordringane rundt miljøgifter i dag, både fordi vi har så lite kunnskap om dei ulike kombinasjonane, og fordi slike kjemiske prosessar er svært vanskelege å forske på.

I dag finst det over 100 000 syntetiske stoff i bruk i ulike forbrukarartiklar. Ifølge mange forskarar veit vi også svært lite om kva for stoff som faktisk er helseskadelege, og det kjem stadig nye miljøgifter vi ikkje har oversikt over. Har vi kontroll på miljøgiftene?

Vi har mykje meir kontroll no enn før. Det har blitt satt på plass eit omfattande felles europeisk regelverk for miljøgifter, kalla REACH, for å avgrense bruk og auke kontrollen av farlege miljøgifter. Noreg stiller også strengare krav til både industrien og produkt enn dei fleste andre land, og vi har hatt store forbetringar dei seinare åra. Berre utslipp av kvikksølv har blitt redusert med nesten 70 prosent sidan 1995, og Klima- og forureiningsdirektoratet har jobba aktivt for å redusere og forby dei mest skadelege stoffa. Både PCB og fleire av dei verste flammehemmarane har blitt ulovlege i Noreg. Samtidig er det stadig nye miljøgifter i omlaup som vi ikkje veit noko om. Problemet er at produsentar stadig vekk finn opp nye stoff som dei brukar til ulike formål, og det er vanskeleg å ha kontroll over alle. Det burde gå raskare å få restriktive regelverk på plass for å få bukt med miljøgiftene så snart dei kjem på marknaden.

Kva kan privatpersonar gjere for å minske eksponeringa for helseskadelege kjemiske stoff?

Diverre veit nok Ola Nordmann for lite om kva for helsemessige konsekvensar miljøgifter følgjer med seg, og bryr seg

nok heller ikkje så mykje. Befolkninga må bli meir bevisste forbrukarar, og aktivt kjøpe produkt som er fri frå miljøgifter. Det kan ein blant anna gjere ved å velje svanemerka produkt, som er trygge og miljøvenlege varer det stillast særskild strenge krav til. I tillegg kan ein gå inn på erdetfarlig.no, som er ei god informasjonskjelde om miljøgifter i Noreg. Som kunde burde ein også krevje meir av butikkane, og etterspørje produkt fri frå helseskadelege kjemikalium, for slik å påverke kva som står i butikkhyllene. **UD**